


## Tett på døden og sorga



### Ny salmebok er kjøpt inn

I november kan du delta på gudsteneste og salmekveld der me syng frå NORSK SALMEBOK 2013

12

5 Soknepresten om trua og døden

7 Aktive gullkonfirmantar


8 Konfirmantane spring for KRIK

16 Krigsminne i Blomvåg restaurert



## Fast givarteneste

Inntektene frå fast givarteneste er viktige. Desse inntektene er med og finansierer vårt arbeid mellom born og unge. Du som gir, påverkar storleiken på ressursane. Utan faste givarar vert økonomien trongare og tilboda redusert.



### Me treng fleire faste givarar!

Det er i overkant 900 born og unge mellom 0-18 år i Øygarden. Gjennom vårt trusopplæringsarbeid skal me nå desse. Det seier Trusopplæringsreforma. Me tek det oppdraget på alvor.

Det totale budsjettet for arbeidet mellom born og unge er på over 1 million kroner. Av dette er det budsjettet med gåver på kr 120 000. Prognosen for faste gåver i 2014 viser kr 90 000. Takk for di gåve!

Kontonummeret til Øygarden sokneråd er: 3628 55 90870  
Du kan merka di gåve med: Team eller born/unge

## Kontingenten for ØyNytt

Denne gongener det med ei påminning om kontingenten. Kontingenten for ØyNytt er frivillig, men likevel avgjerande for at bladet vert produsert. Mange av annonsørane har vore trufast gjennom mange år. Det set me stor pris på.

I 2013 gav me ut 5 nummer og i 2014 vert det 6 nummer. Bladet vert produsert av tilsette i kyrkja i Øygarden. Alle kostnadane er relatert til trykking og distribusjon. Me veit og får tilbakemelding om at bladet vert lest av mange. Me arbeider med å gjera bladet interessant for ei brei lesargruppe. Takk for di støtte til å produsera ØyNytt!

## Kristin Lødøen Hope



- er av IKO utpeika til å vera mentor ved planlegginga av trusopplæringa i Øygarden. Alle planar og tiltak skal vera ferdig utarbeida til 2016. Før det vil det vera ein planleggingsprosess, som mentor er delaktig i. Trusopplæringa framover vil byggja på eksisterande arbeid og nye tiltak.

Kort fortalt er kyrkja si trusopplæring (born og unge mellom 0-18 år) ei erstatning av kristendomsundervisninga som før var i skulen.

Kristin er utdanna sjukepleiar, lærar og teolog. Ho har m.a. arbeida lenge ved bispedømekontoret nettopp med trusopplæring i kyrkja og er godt skodd for mentoroppgåva. Mentoren skal følgja arbeidet fram mot ferdigstilling av planane for arbeidet.

## Kjære lesar!

ØyNytt vert no laga heilt og fullt på kyrkje-kontoret. Før sette me opp bladet i Word og sendte det til trykkeriet for vidare redigering. Når bladet går frå oss no, er det klart til trykking.

Denne gongen handlar bladet om døden og sorga. Det er eit vanskeleg tema som me prøver å unngå om me kan, men som før eller seinare rammar oss alle. Soknepresten set døden inn i eit bibelsk perspektiv. Me forsøker å belysa enkelte sider ved det å oppleve død og sorg, sett frå vår ståstad. Det er eit omfattande tema og artiklane er sjølv sagt ikkje utfyllande.

Visjonskvelden som me arrangerte 12. september i Blomvåg kyrkje var vellukka. Ein flokk på 60 menneske, breidt samansett i alder, deltok denne kvelden. Opplegget var til inspirasjon for deltakarar og kyrkjestaben. Det var mange gode tilbakemeldingar etter kvelden som handla om kyrkja sitt oppdrag, trusopplæring og motivasjon i arbeidet.

Øygarden sokneråd har kjøpt inn den nye salmeboka, NORSK SALMEBOK 2013. Det er eit stort økonomisk løft og soknerådet vonar at folk i Øygarden vil vera med å yta bidrag til finsansiering. Me annonserer i bladet både salmegudsteneste og salmekveld der me brukar den nye salmeboka.

Stø opp under konfirmantane sin innsamlingsaksjon. I fjor kom det inn nærare kr 100 000. Me må slå den rekorden i år.

Det var flott å oppleve at over 200 menneske deltok på Sprell levande gudstenesta i Blomvåg kyrkje søndag 28. september. Dette var den første av fleire slike gudstenester i Blomvåg og Hjelme kyrkjer i haust.

Olav Martin Vik



# Himmelen på or`ntlig

*I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Joh 14, 1-3*

Himmelen er ein reell plass på lik linje med Bergen og Øygarden. Bibelen beskriv Himmelen som ein heim, eit hus, ein by og eit land.

*Men no er det eit betre land dei lengtar etter: det himmelske. Difor skjemmest ikkje Gud av dei, men vil kallast deira Gud, for han har gjort i stand ein by til dei. Hebr. 11, 16*

Bibelen brukar også ordet Paradis om Himmelen. Jesus vart krossfesta mellom to røvarar. Den eine av dei trudde på Jesus og sa: «Jesus, kom meg i hug når du kjem til ditt rike!» Luk 23, 42 Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera med meg i paradis.» v43

Korleis kan du vita at du er på vei til Himmelen?

Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg. Joh 14, 6

Tru på Jesus, inviter han inn i ditt hjarta og liv.

Bibelens løfte er for deg: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans» Joh 1,12.

**Martin Blom**

Leiar i forsamlinga INRI



Foto: Olav Martin Vik

*Salmen og diktet er lagt inn av redaksjonen. Tekstane speglar tru og tankar kring temaet som bladet denne gongen fokuserer på.*

## Salme nr 492 i NORSK SALMEBOK 2013

T Johan Alfred Blomberg 1889 O Anders Hovden 1927 M Bjørn Eidsvåg 1969

v 1

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i granskogen diger og dryg, og vent mellom mose og lyng han seg ter. Han står der så liten og blyg.

v 7

Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær, i blodet hans reinsa eg er. Den høver for himlen, der gullgater er, den høver for vandringa her.

v 9

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus ein gong i morgonen æveleg klår, og blanda med heilage englar ein song i himlen, dit døden ei når.

## “Jeg låner dere to” Eit dikt av ukjent forfattar

Jeg låner dere to en stund et barn jeg har, sa Gud. Hold av henne mens hun er på jord og gråt når hun får bud. Det kan gå tyve år, seks eller syv. Men til det skjer, la henne få gode kår Hun bringer smil og glede med. Og blir hennes opphold kort, så lever minnene som sol og puster sorgen bort.

Hun kan ikke få bli for godt, på jord kan ingen bli, men hun har litt å lære der, før turen er forbi. Jeg så rundt hele jorden, efter en lærer god. Og fremst blant kvinner og blant menn, der så jeg dere to. Vil dere gi all kjærlighet til denne lille venn, og ikke hate meg når jeg skal ta henne hjem igjen?

Jeg syns jeg hørte dem si: Skje din vilje Herre kjær! Vi gleder oss til barnet ditt om sorgen enn blir svær. Vi gir henne ly og kjærlighet, den tid du Herre vil. Og kaller englene på henne, før noen tenkte så, skal vi stå rak i sorgens stund og prøve å forstå.



Øygardskoret utanfor Christianskirken (bygd i 1964) i Klaksvík på Færøyane

# Norrønafolket, det vil fare

Øygardskoret deltok på den "4. Nordiske Kirkesangfesten" som var på Ferøyane i månadsskiftet mai/juni. 10 av 112 songarar frå Noreg kom frå Øygarden.

**Tekst og foto:** Øygardskoret ved Dagny Gilje Antonsen

Den "4. Nordiske Kirkesangfesten", vart halden i dagane 29.mai-1.juni 2014. 112 spente songarar steig ombord på flyet på Flesland, med kurs for Færøyane. Noreg hadde største deltakargruppe, utanom Færøyane sjølv og Øygardskoret fylte 10 av desse plassane.

## Mange inntrykk

Stemneopning hadde vi i "Vestkirken", onsdagen om kvelden, rett frå flyplassen. Der møtte dei oss med særmerkt Færøysk song og musikk. Øygardskoret deltok dernest på gudsteneste Kr.himmelfartsdag, i Glyvra kyrkje. (merk dykk namnet) På turen fekk vi oppleve interessante utflukter med ein engasjert omvisar. Ein dyktig sjåfør tok oss med over haug og dalar, frå øy til øy. Vi vart kjende med stader der dei fyrste vikingane steig iland, og litt om folkelivet elles. Naturen er storslegen på Færøyane, og inntrykka var mektige.

Det liknar mest på ei festkake i fleire etasjar. Langs vegen beita nokre av dei 70.000 sauene som bur der. Folketalet derimot låg på rundt 50.000. Det viktigaste var likevel songen, med og for kvarandre. Songarvener vi kjende og ikkje kjende frå før, knytte band gjennom musikken.

## Festgudsteneste

Travle dagar med lita tid til eigne turar: Det vart sunge i kyrkjer og forsamlingshus og ute på opne torg. Kan her nemna song og lekkjedans på "Vaglet". Færøyingane har tradisjon for å møtast ute til song og dans. Siste konserten var i "Nordens Hus", der "Nordisk messe" vart framført for første gong. Messa var særskilt laga til Kyrkesongfesten. Det var ei mektig oppleving, der musikken kraup innover oss, og førde oss avgarde, nesten. Aller sist avslutta vi stemnet med fest-gudsteneste i "Christianskirken" i

Klaksvík. Der var "høg og låg" samla til eit verdig arrangement. Gudstenesta inneheld fleire ledd som vi kjenner frå før. (Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt.....)

## Innhaldsrik tur

Midt inni alt dette, var Øygardskoret lett å kjenna att i sine nye trøyer, påtrykt "Øygarden 50 år". Desse trøyene bar vi med stort frimod! Dette var berre korte glimt frå ein herleg, innhaldsrik tur, til landet som ein diktar samanlikna med eit "sandkorn i ein ballsal", i høve til resten av verda. Men dette "sandkornet" baud både på frisk luft og reint vatn! Prøv gjerne ein tur sjølv, om det skulle laga seg.

*Helsing frå Øygardskoret, ved eit par av medlemmane.*

## Døden og trua

### Døden har tronge kår

Eg byrja ein konfirmanttime med å seia at me skulle snakka om døden. Då tok ein av konfirmantane opp hendene og heldt dei for øyrene. Dette hadde ho ikkje lyst til. Men me treng ikkje vere konfirmant for å ikkje villa snakka om døden, ei heller høyra om den. Me ønskjer å skyve døden framfor oss.

Døden har tronge kår. Per Fugelli seier at døden krenkjer vår innbilte allmakt, der me krev at vitenskap og medisin skal redda oss. I tillegg avslører døden tomleiken me finn i materielle verdiar. Framleis gjeld at "du kan ingen ting ta med deg dit du går". Og i eit samfunn kor me foraktar det å vere svak, er døden den ultimate form for veikskap.

Døden er der, så endeleg. Det meste i livet har nyansar. Slik er det ikkje med døden. Den råkar oss alle, somme gonger venta andre gonger plutselig. Årleg dør 44000 nordmenn, 11000 av dei av kreft. Døden gir oss mykje sorg og smerte.

### Gud er på vår side

Dødskeftane har kome inn i verda. Det er eit faktum. Men i møte med døden, er Gud på vår side. Bibelen gir oss grunn til å møte døden med håp.

"Tru på meg og du har evig liv" seier Jesus. Lengsla etter noko evig er lagt ned i oss frå Skaparens side.

Bibelen er sparsam med å brodera ut korleis det hinsidige er, men det viktigaste er



at Guds velsigning framleis skal omslutta oss der. Det er ein stad utan frykt, smerte eller sjukdom. Og det er ein stad me skal kjenne att våre kjære. I dette er det trøyst og håp.

### Sørgja med håp

Det er annleis å sørgja over eigen eller andre sin død med enn utan håp om noko evig og hinsidig. Nokon har forstått det slik at menneske som trur på Gud ikkje skal ha motgang. Det er feil. Trua tar ikkje bort smerte, sorg eller tårer. Trua blir ei bærande kraft som står fast midt i avmakta.

### Reise heim

Tenk om me kunne vinna over døden! Me maktar ikkje det sjølv, men det frigjerande er at Jesus har gjort det, og at denne sigeren blir vår ved tru. Me seier ofte at ein død person har "gått bort". Men me skal ikkje gå bort. Målet er å "gå heim".

Døden er rett nok slutten på det livet me kjenner, men døden er overgangen til ei ny tilvære heime i himmelen.

*Bibelen gir oss grunn til å møte døden med håp.  
"Tru på meg og du har evig liv", seier Jesus*





Nærare 60 menneske deltok på Visjonskvelden i Blomvåg kyrkje

## Mange på Visjonskveld

12. sept var vi samla rundt 60 personar til visjonskveld i Blomvåg kyrkje. Kyrkja var pynta til fest, stemninga var god og folk var spente på kvelden.

Espen prest hadde eit innlegg om kva som er kyrkja sitt oppdrag der han brukte fire ord som vert viktige i kyrkja framover. Vi som kristne skal kjenne oss ELSKA, verta GRUNNFESTA i trua, verta DISIPPELGJORT og deretter SENDT. Vårt trufaste lokale band var med og det vart mykje god song. Andre frivillige i kyrkjelyden hadde innlegg om kva som inspirerte dei til å vere med og delta i arbeidet. Det var og gruppearbeid der vi snakka om kva vi trudde var viktig for at folk ville koma til gudsteneste? Og kva kan kyrkja gjere for å formidle håp til lokalsamfunnet og verda? Etterpå hadde vi ei god matøkt med Biffstroganoff-gryte og heimelaga festkaker til dessert. Etter pausen sto K2-ungdomar (fjorårets konfirmantar) for god underhaldning, før kvelden vart avslutta med bibelord og godnattbøn.

Ein fin kveld som vi vil følgje opp vidare og om mulig, ein ny fest til neste år.

## Prosesjonskors til kyrkjene



Lenge har ein snakka om å kjøpa inn såkalla prosesjonskors til kyrkjene. Det har no soknerådet bestemt at skal gjerast.

Det er gitt pengegåver til soknerådet som har hatt dette som føremål. Desse gåvene dekkar ikkje fullt ut kostnaden med prosesjonskors og soknerådet har difor sjølv medfinansiert innkjøpet.

Det er litt leveringstid, men ein reknar med at prosesjonskorsa vil vera på plass i Blomvåg og Hjelme kyrkjer fram mot jul. Dei kostar kr 8 200 pr stk + mva.

*I Den norske kyrkja vert alterkorset boren inn av klokkaren eller annan frivillig medarbeidar framfor prosesjonar på dei store festdagane og ved særlege høve (dåp, familiegudstenester). Korset vert plassert framme i nærleiken av alteret.*

## 67 konfirmantar

Det er eit stort konfirmantkull dette året.

Konfirmantundervisninga går over 3 ettermiddager fram mot konfirmasjonen, annakvar veke, inndelt i grupper. Konfirmantane får servert mat når dei kjem frå skulen til konfirmantundervisninga.

Hogne Berland har hovudansvaret for konfirmantopplegget. Espen Tveten, teamet og kantor Anne Lise Grøm er og ressurspersonar i konfirmantundervisninga.

## Gospel

Bli med på

### Gospelgudsteneste

Søndag 16. november i Hjelme kyrkje  
kl. 17.00

Sokneprest Espen Sigve Tveten  
Gospel teens frå Øygarden



## PREP-kurs

Fjell kyrkje, kyrkjelydssalen kl. 17.30 – 22.00. Middag kl. 17.30. Undervisning frå kl. 18.00. Måndag 27. oktober, måndag 3. november, måndag 10. november.

Pris kr. 1500 pr par (middag inkludert)

Påmelding til: Diakonimedarbeidar Bjørg Blom, tlf 47816181, eller e-post: diakon@kyrkja.net

Kommunikasjonskurset PREP kan hjelpa par til å ha større glede av forholdet sitt og gir par verktøy til å betra kommunikasjonen. Det er både humor og alvor på kurset. Det er ikkje gruppearbeid.

arr: Den norske kyrkja



## 50-års konfirmantar i Blomvåg kyrkje

**Frå venstre bak:** Magne Johnsen, Ottar Vik, Ole Jostein Torsvik, Per Torsvik, Lars Vik, Leif Toft, Øyvind Strandheim, Einar Blom, Atle Dale, Odd Mikkelsen, Knut Vik, Johan Sæle.

**2. rekke:** Liv Marit Oen (heilt til venstre), Wenche Dale, Marit Blom, Grethe Kårbø, Mons Arle Toft, Henning Hansen, Venke Rong, Knust Svein Dale, Alf Dale

**3.rekke:** Else Rong, Torild Rong, Alvilde Blom, Mary-Anne Oen, Eleri Mai Oen Fossem, Marit Helen Toft, Kirsten Flåten

**Framme (på golvet):** Olaug Pedersen, Inger Helen Hellesund, Mary Torsvik Fjeldheim

**Foto:** privat/Ottar Vik



### Aktive gullkonfirmantar

- ved markeringa av jubileet i Blomvåg kyrkje. Ottar Vik, som sjølv var jubilarant hadde ansvaret for opplegget saman med gode medhjelparar, både andre gullkonfirmantar og musikarar.

Bilde til venstre

*Einar Blom, Ottar Vik og Kirsten Flåten tenner lys for avdøde konfirmantar Jostein Olav Dale og Aud Sissel Herdlevær og avdøde prest Knut Hernes som komfirmerte dei som no er jubilarantar.*


Bilde i midten:

*Band med Arne Gunnar Solsvik og Øyvind Solsvik. Arne Pareli Pedersen (midten) song under gudstenesta.*



Bilde nede til venstre

*Tekstlesar Liv Marit Oen, forkynnar Knut Svein Dale som hadde talen og tekstlesar Mary Torsvik Fjeldheim.*



## OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning.

"Under elles likevilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgare utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, med rekna slik som gjev praktisk utdanning" (sitat statuttane)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under "søknadsskjema" ([www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no))

Søknadsfrist er 31 oktober 2014

- styret -



# Barn og ungdom



Fotball er den definitivt mest populære sporten i Aust-Afrika!



Bønn før kamp er ikkje uvanleg.



## Konfirmantane spring for KRIK i Au

**Tekst:** Hogne Berland

**Foto:** CHRISC arkiv

Kristen Idrettskontakt (KRIK) driv eit stort arbeid i Aust-Afrika. Den 6. november skal konfirmantane i Øygarden arrangere løp for å samle inn pengar til dette arbeidet.

I Noreg er KRIK ein velkjent organisasjon. Med fokus på trusglede, idrettsglede og livsglede samlar lokale KRIK-lag kvar

veke tusenvis av ungdommar til trening og andakt. Ikkje alle kjenner til at KRIK også driv eit stort internasjonalt arbeid. Det starta i 1993 då Strømmestiftelsen tok kontakt med KRIK. Dei hadde sett utfordringar i Uganda med ungdom som dreiv gatelangs og starta tidleg med alkohol, narkotika og gjengkriminalitet. Dei ville hjelpa, men opplevde at det var vanskeleg å koma i kontakt med ungdomane. Kunne idrett vera ein dørøpnar? Og kunne KRIK tenkje seg å hjelpe? Dette vart starten på CHRISC, KRIK si internasjonale avdeling.

I dag arbeidar CHRISC i Rwanda, Uganda, Kenya og Tanzania. Idrett har vist seg å vera eit godt verktøy for å få ungdommar ut av kriminalitet og narkotikabruk. Mange har fått hjelp. Over 20 000 ungdommar er i dag engasjert i CHRISC sine aktivitetar og arrangement i Aust-Afrika. I tillegg til idrett jobbar CHRISC med opplysningsarbeid, leiarskular, gatebarn, utdanning og eigne prosjekt retta mot jenter sine rettigheter. I Tanzania arrangerast kvart år East Africa Cup. Dette er ei av Afrikas største fotballturneringar for ungdom.



### Hogne har ordet

**Hogne Berland**, kyrkjelydspedagog

Tema i dette nummeret av ØyNytt er død og sorg. Eit vanskeleg, men viktig tema. Kanskje tenker vi på døden som noko som først vert aktuelt når vi vert gamle? Noko trist vi ikkje vil tenkje på enno? Men eigentleg veit vi at døden

ikkje er noko vi kan skyve vekk. Døden er ein realitet både for unge og gamle.

For litt over eit år sidan døydde ein god kamerat av meg i ei arbeidsulukke, berre 26 år gamal. Det kjennest heilt feil når nokon unge dør. Reaksjonane frå oss som kjende han var veldig ulike. Når eg

no tenkjer tilbake på dagane etterpå, skjønar eg at sorg kan visast på mange måtar. Nokon vart stille, nokon grein heile tida, nokon fekk mest behov for å fortelje opp att på morosame episodar og historier (som det var mange av!). Sorg er noko vi alle vil oppleve og det er ingen rett eller feil måte å sorgje på.



# Dette skjer!

## Leirar på Skjergardsheimen

21.-23. november	3.-4. klasseleir
5.-7. desember	6. klasseleir
23.-25. januar	7. klasseleir
13.-15. februar	5. klasseleir
14. mars	1.-2. klasse leirdag
24.-26. april	Ungdomsskuleleir

## Ungdomsklubben Refuel frå 8. kl. +

31. oktober	Andakt: Olav Vindenes
14. november	Andakt: Karen Sofie Aasmyr
28.-30. november	Ungdomsmøtehelg. - Kenneth Foss
12. desember	Refuel og KRIK julebord. - Espen Tveten.

Stad: Rong bedehus  
Tid: 19.30-22.30

## KRIK frå 8 kl. +

24. oktober	Andakt: Hogne Berland
7. november	Andakt: Teamet
21. november	Andakt: Janesh Amenya
5. desember	Andakt: Teamet
12. desember	Refuel og KRIK julebord. Espen Tveten.

Stad: Toftøy gamle skule  
Tid: 19.00-21.00

## Plussklubben frå 5. til 8. kl.

12. november	Haustkos
3. desember	Adventssamling

Stad: Oen Bedehus  
Tid: 19.00-21.00



Å arrangere KRIK-løp er ein annleis måte å samle inn pengar på. Her frå eit løp ein annan stad i Noreg.

## Aust-Afrika

I Tanzania driv CHRISC forøvrig også ein stor fotballiga!

6. november skal konfirmantane i Øygarden arrangere innsamlingsaksjon til CHRISC sitt arbeid i Aust-Afrika. Det vil skje i form av eit KRIK-løp på Rong bane. Sjansen er stor for at du vil verta spurd om å sponse ein av ungdomane i det halvtimes lange løpet. Dei skal sjølv skaffe folk som sponser med eit eingongsbeløp eller med ein sum per runde dei klarar rundt bana. Vi trur på eit flott arrangement og mange villige sponorar!

Eg er takknemleg for at kameraten min kjende ein som kan gjera sorg til glede, som kan gjera mørke til lys, som kan gjera død til liv. Eg er takknemleg for at eg får kjenne den same personen. Jesus vant over døden og seier: «Den som trur på meg, skal leva om han enn døyr.»

## Ekstra leir på Skjergardsheimen

Det er populært å reise på leir på Skjergardsheimen! Difor set vi dette skuleåret opp ein ekstra leir.

Dei siste åra har 6.-7. klasseleiren vore full og ofte med venteliste. I år vil det verte ein 6. klasseleir og ein 7. klasseleir. Då trur vi alle som vil, skal få plass på leir! Som tidlegare, vert det delt ut program og påmeldingsinformasjon på skulane cirka ein månad før leir. Likevel kan ein allereie no melde seg på dersom ein veit at ein skal på leir. I kalenderen over, kan du sjå datoane for alle leirane Kyrkja arrangerer på Skjergardsheimen dette skuleåret, så kan du setje av helga allereie. Påmelding skjer til kyrkjekontoret på kontor@kyrkja.net eller telefon 56382240.

# Samtale om døden, sorga o

Det er Allehelgenssøndag 2. november. Då minnst me særleg dei døde. Dette er ein samtale med menneske som er tett på døden, sorg og sorgarbeid, eit tema som kan vera vanskeleg å snakka om, men som er ein realitet og som angår oss alle.

**Tekst og foto:** Olav Martin Vik

Eg set meg ned med sokneprest Espen Tveten, kantor Anne Lise Grøm, diakonimedarbeidar Bjørg Blom, kyrkjjetenar Kåre Kristoffersen og kyrkjjetenar Janesh Ameny. Me skal snakka om deira erfaring frå det å arbeida tett på døden og menneske i sorg.

## Aldri profesjonell – aldri rutine

Ein vert aldri profesjonell i møte med døden og menneske i sorg, seier sokneprest Espen Tveten. Dette vert understreka frå dei andre. Anne Lise har vore organist i mange gravferder, heilt frå 70-talet. Eg er i rommet (kyrkja), eg høyrer menneska som er i sorg, det rører meg og seier ho. Kåre legg til at ofte så kjenner me avdøde og familien. Det vert ofte personleg. Det er viktig å vera der for dei sørgjande og vera lyttande seier Janesh som kjem frå Kenya, der kulturen er noko annleis enn i Noreg. Dei sørgjande der er omgitt at mange menneske, heile tida.

## Om sorg

Folk sørgjer ulikt, seier Espen og det er viktig å møta menneske i sorg på ein god og respektfull måte. Han ber mange bønner til Gud på vegen til ein sørgjesamtale. Dei sørgjande føler ofte at dei lever i ei boble. Alt står på vent, samtidig som dei fleste er praktisk orientert og vil leggja til rette for ein verdig avskjed med avdøde. Pendelen svingar frå djup sorg til nokre lettare augneblink. Slik er sorga. Døden er endeleg og for presten er det viktig å vera lyttande, vera tilstade og løfta fram Guds omsorg i sorga.

Alle understrekar at det er særleg vondt

når born og unge menneske døyr. Sorga vert så forsterka. Det pregar oss, seier Kåre. Både han og Janesh møter sørgjande og etter gravferda, når dei besøker grava. Dei sørgjande har ofte mange spørsmål og kvifor skulle dette henda, seier Janesh.

Det er mange som slit med sorga, seier Bjørg som er diakonimedarbeidar. Me ser det på mange eldre i dag, som fortrenge tung sorg. Slik var det før, livet måtte gå vidare. Sorg som ikkje er bearbeida er farleg. Det er viktig å sørgja, å setja ord på sorga og få hjelp, enten i familie, hos vener eller profesjonell hjelp, seier Bjørg.

Dagane fram mot gravferda er ein venteperiode, og mange sørgjande føler at dei ikkje kjem vidare før dei har kome seg gjennom gravferda. Det er viktig å vera klar at tankar og følesar er ulike, seier Bjørg.

Espen understrekar at det er viktig at borna får ta del i sorga, heilt frå starten av. Viss ikkje kan det verta mange spørsmål frå dei, som ikkje så lett let seg svara på seinare.

## Verdig avskjed

For oss det er viktig å ha ei god ramme om gravferda, seier Anne Lise. Det stiller krav til presisjon og nøyaktighet. Alle feil vert så tydelege i ein slik samanheng. Arbeidet må gjerast seier Kåre. Han og Janesh har arbeidet med å ta opp grava og leggja på etter at kista er senka ned i grava, eit arbeid som vert gjort med respekt.

Det er mange overgangar seier Espen. Han møter dei sørgjande før gravferda. Mange gir uttrykk for at ventetida fram mot gravferda er lang. Gravferdsdagen er tung, men dei sørgjande ønskjer å leggja til rette



Menneske som kjem tett på døden og sorga.

for ei verdig avskjed med avdøde.

## Ettertanke og refleksjon

Vandringa bak båra, frå kyrkja til grava, gir rom for mange tankar seier Espen. Då kjem refleksjonar om livet og at me ikkje har så stor innverknad på korleis eller kor tid me skal gå ut av livet.

Tankane går til familien som er i sorg, seier Anne Lise. Me ønskjer gjennom vårt arbeid å gi dei sørgjande noko godt, at gravferdsdagen var prega av verdighet.

Me må og bearbeida våre følelsar, understrekar dei alle. Dette skjer i fellesskap, ofte like etter gravferdshandlinga. Det er viktig for å gå vidare til neste oppgåve



# g sorgarbeid



Ev. Janesh Amenity, Kåre Kristoffersen, Bjørg Blom, Anne Lise Grøm og Espen Sigve Tveten. Alle arbeider i Den norske kyrkja i Øygarden.

## Sorgarbeid

Å sørgja er eit arbeid, seier sokneprest Espen Tveten. Det tek mykje energi og kan tappa ein for krefter. Men det er viktig å arbeida med sorga. Det er farleg å fortrenga sorg, seier Bjørg Blom som er diakonimedarbeidar. Sorg som ikkje er bearbeida kan føre til sjukdom og depresjon.

Ingen sorg er lik, me sørgjer ulikt seier ho. Det er viktig å vera klar over dette, slik at ein kan forstå kvarandre. Godt sorgarbeid kan og vera å etter kvart gjera praktiske forandringar som t.d. å rydda bort ting etter avdøde og flytta litt på møblar, gjera noko nytt. Dette betyr ikkje at minnet om avdøde skal viskast bort, men livet må gå vidare, inn i ein ny epoke. På ein måte hoppar ein inn att i livet.

Ta gjerne kontakt for rettleiing og råd, seier Bjørg Blom. Familien er viktig i dei vanskelege dagane. Dei kjem etter gravferda. Der-som ein ikkje finn hjelp i nære relasjonar må ein ikkje kvia seg for å kontakta fagpersonar. Det er fleire tilbod til menneske som føler at dei treng hjelp for å koma gjennom dagane, m.a. sorggrupper.

Kontaktinformasjon for Den norske kyrkja i Øygarden: Telefon 56382240. Besøksadresse: Kyrkjekontoret, Rong senter, 2 etg.

**Invitasjon:** Det er Allehelgensmesse i Hjelme kyrkje 2. november kl. 11. Pårørende til dei som har døyd sidan sist Allehelgensdag er spesielt invitert til denne gudstenesta.

# Kystradioen 30 år



Kystradiofolk: f.v. May-Britt Liljeroos-Lauvik, Bjørn Inge Sagstad, Vagleik Brekke i samtale med nestleiar i styret Vilhelm Viksøy, under 30-årsmarkeringa på Vik bedehus.

**Tekst og foto:** Olav Martin Vik

Lørdag 20. september markerte Kystradioen sitt 30-årsjubileum på Vik bedehus og ein kunne møta kjente menneske som har vore ein del av radioen si historie. Geir Magnus Nyborg, Vagleik Brekke, Marianne Juvik Sæbø, Bjørn Inge Sagstad m.fl. Vel 70 frammøtte på festen som vart leia av Johnn Hardang.

Kystradioen hadde si første sending 27. mai 1984. Kystradioen utvikla seg til å bli den største radioen på Kanal 2 og hadde mange lyttarar i heile Bergensregionen. For mange var sendinga søndag føremiddag aktuell, med mange ferske nyhende og innslag, ofte med lokalpolitisk innhald. Dette gjorde radioen interessant for mange.

Kystradioen bygde på kristne grunnverdier. Geir Magnus Nyborg var den første redaktøren, etterfølgd av Vagleik Brekke som var redaktør fram til 14. juni 2009 då Kystradioen endra karakter. Ein måtte gå bort frå daglege lokale nyhende. Stab og sendetid vart redusert. Dette har nok og ført til at delar av lyttarskaren er borte. Radioen har i dag allmenne sendeflater og større grad av forkynnande innhald.

Kystradioen har sendingar måndag-fredag kl. 9-11 og søndag 10-14. For meir informasjon om sendetider sjå nettsida [www.kystradioen.no](http://www.kystradioen.no) Redaktør er Ole Andreas Wastvedt og programansvarleg May-Britt Liljeroos-Lauvik.

## Ny salmebok

Den nye salmeboka inneheld 899 salmenummer før du kjem til Bibelske salmar og liturgiske ledd. Av desse er 240 heilt nye

I november lanserer NRK einy form for «sakte-TV» når den nye salmeboka skal syngjast frå perm til perm. Ei maratonsending på om lag 60 timar vert planlegt når alle dei 899 salmane skal syngjast vers for vers

**28.11. frå kl. 12. på NRK2**

Me i Øygarden skal ikkje delta med song i denne maratonsendinga, men me oppmodar alle til å følgja NRK si sending.

I Øygarden vert salmeboka introdusert slik:

*Salmegudsteneste i  
Blomvåg kyrkje søndag  
23. november kl 11.00*

og

*Salmekveld i  
Hjelme kyrkje tysdag  
25. november kl. 19.00*


**DU INVITERES TIL  
SYNG MED ØSS-KVELD**

**Mykje song og musikk  
Vitnesbyrd  
Gjesteopptreden av  
Immanuel,  
Øygarden gospel  
og Gospel teens  
Kafè**

*I samband med Øygarden kommune sitt 50 årsjubileum vil vi arrangere ein storslått songkveld. Bedehussongen har sterke tradisjonar i Øygarden så denne kvelden vert det mykje song og musikk i forskjellige sjangere.*

**Lørdag 1. november kl. 18  
i Øygarden kulturhus**

Arr: INRI og Vik bedehus    fri entre/kollekt





**Kjøp  
kjapt,  
trygt  
og billig**  
**KIWI mini  
pris**

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**  
Mand-fred kl.07.00-23:00  
Lørdagar 08:00-21:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**

 ØYGARDEN  
BYGGSENTER

 TH  
BHAS BYGG

 ØYGARDEN  
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09  
Adr. Pålset, 5337 Rong  
[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)



*Åsane Begravelsesbyrå AS*  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleie av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø



*Solstrands Begravelsesbyrå*



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Robå Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



**Ønsker du  
sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Trenger du  
noen å snakke med?**

**815 33 300**

# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



**- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!**

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat- og fruktbar

**Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20**

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



**Snitter**

- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland

**Blomsterbua**

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

## trend frisør

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

## VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210  
E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)  
[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

## Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolannlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud & kroppspleie skifter navn til

Og har flyttet til Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.  
Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515

## LT hudpleie



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

## Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes  
Tlf: 53 42 04 62

Vi har det meste til de fleste hobbyer!

Bunad - Scrapbooking - Kunstmaling  
Quilting - Strikking - Hobby til barn

Treff oss på: [www.stoffbuabremnes.no](http://www.stoffbuabremnes.no)



## Til lukke

### 70 år

- 8.nov** Karstein Magnar Nielsen,  
Strandavegen 12
- 10. des** Svein-Tore Danielsen,  
Nystovevegen 17

### 75 år

- 20.nov** Petra Gerd Alden,  
Pålseneset 67

### 80 år

- 31.okt** Joan Tora Knarvik,  
Knarvikvegen 12
- 14.nov** Ingvard Ragnar Svellingen,  
Rossnesvegen 19

### 85 år

- 09.sept** Edit Frøystadvåg, Bølandet
- 29. okt** Nikolai Johannes Blom,  
Gangstøberget 2

### 90 år

- 09. nov** Bernhard Svellingen,  
Svellingen 7

## Offer i kyrkjene

### Blomvåg

06.07 Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3203
03.08 Gideon bibelmisjon	kr. 3251
17.08 Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4347
31.08 Strømmestiftelsen	kr. 5525
14.09 Jinka -sjukehuset	kr. 8846

### Hjelme

29.06 Norsk lærerakademi	kr. 3948
13.07 Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2400
10.08 For bibel og bekjennelse	kr. 3161
24.08 Åpne dører	kr. 5160

## Gudstenester

### 26.okt Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Song av Gospel teens. Dåp. Kyrkjekaffi

### 2. nov Hjelme kyrkje kl. 11.00

Allehelgensmesse v/ Espen Tveten. Me minnast særskilt dei som har døydd det siste året. Søndagsskule for borna. Dåp. Nattverd.

### 9.nov Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Nattverd

### 16. nov Hjelme kyrkje kl. 17.00

Gospelgudsteneste v/ Espen Tveten og Gospel teens. Avslutning for konfirmantleiren. Kyrkjekaffi

### 23.nov Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Salmegudsteneste v/ Espen Tveten og Anne Lise Grøm. Innføring av den nye salmeboka. Øygardskoret deltek

### 25.nov Hjelme kyrkje kl. 19.00

Salmekveld v/ Espen Tveten og Anne Lise Grøm. Innføring av den nye salmeboka. Øygardskoret deltek

### 30.nov Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Song av Barnekantoriet. Dåp. Kyrkjekaffi

### 7. des Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Dåp. Nattverd

## Døde

### Blomvåg

- Anna Gurina Skråmestø, Tednebakane f. 1924
- Trond Ingebrigtsen, Pålsneset f. 1947
- Kristine Knutsen, Tednebakane f.1928
- Kjell Oddvar Monsen, Rong f.1944

### Hjelme

- Inger Forstrønen, Nautnes f. 1948

## Døypte

### Blomvåg

- Jonas Solheim, Vik
- Josefine Blom Torsvik, Veslevarden
- Cornelius Henry Klepppestø, Rong
- Leonard Jørgensen Knudsen, Vik
- Matheo Hellesund Rong, Blomvåg
- Alma Storebø Schaufel, Oslo

## Vigde

### Blomvåg

- Anne-Line Turøy og Emil Terje Ruskomåki
- Lise-Helen Alvær og Arild Harald Hammer

## Adventsleir på Fjell-ly

Helgen 5.-7. desember inviterer vi til leir for alle generasjoner på Fjell-ly. Vi har fokus på advent- og julebudskapet, og vi bruker tid sammen på kjekke hobbyaktiviteter og pepperkakebaking. Ta med deg barn eller barnebarn og bli med på en innholdsrik helg! For mer info se [www.mi-imf.no](http://www.mi-imf.no)

Arr: Midthordland Indremisjon

## ÅGOTNES TANNHELSETEAM

Tannlegene  
Benedikte Kolbeinshavn og  
Sissel Blom

Vi tar imot gamle og nye pasienter!

Telefon: 96 90 44 00

### Ågotnes Tannhelseteam

Ågotnes Helsehus  
Skjærgardsvegen 1374  
5363 ÅGOTNES

Telefon: 96 90 44 00  
[www.tannhelseteam.as](http://www.tannhelseteam.as)  
post@tannhelseteam.as

## Bergen & Omegn

### BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Elin Mikkelsen Berntsen



Heine Polden



Tom Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50





**DEN NORSKE KYRKJA**

Øygarden sokneråd  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## ØyNytt

Kyrkjeblad for Øygarden

### Ansvarleg redaktør:

Olav Martin Vik

### Redigering og Lay-out i InDesign

Olav Martin Vik

### I redaksjonen:

Hogne Berland; Olav Martin Vik, Kari Sandøy Rong, Espen Tveten og Anders Vik

### Kontingent:

Min. kr. 125 innan kommunen  
Min. kr. 175 utanom kommunen

### Takkeannonsar:

Kr. 100

### Kontonummer:

3628 07 02557

### Trykk:

Bodoni, 5017 Bergen

### Distribusjon:

Sanden budservice, tlf. 45613416

### Kyrjekontoret i Øygarden

Ekspedisjonstid: måndag-fredag 9-15  
Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong

Telefon: 56382240  
Telefaks: 56382241  
Vakttelefon prest: 56382244  
E-post: kontor@kyrkja.net  
Nettside: www.kyrkja.net  
Facebook: KyrkjalOygarden

### Staben i kyrkja i Øygarden

Kyrkjeverje Olav Martin Vik  
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net  
Tlf. 56382244/93264400

Sokneprest Espen Tveten  
Tlf. 56382244  
E-post: sokneprest@kyrkja.net

Kontorleiar Kari Sandøy Rong  
E-post: kontor@kyrkja.net  
Tlf. 56382240

Kyrkjelydspeidaog Hogne Berland  
pedagog@kyrkja.net  
Tlf. 56382247

Kantor Anne Lise Grøm  
E-post: kantor@kyrkja.net  
Tlf. 91881208

Diakonimedarbeidar Bjørg Blom  
E-post: diakon@kyrkja.net  
Tlf. 47816181

Kyrkjetenar Kåre Kristoffersen  
Blomvåg kyrkje, tlf. 91105197

Kyrkjetenar Janesh Amena  
Hjelme kyrkje, tlf. 95823472

Team, tlf. 56382240 (kontoret)

**Leiar i råda:** Erling Vik

### Beredskapstelefon i Vesthordland prosti

Kvardagar frå kl. 17 til kl. 8 neste morgon og heile lørdag og søndag, tlf. 95483655. Gjeld berre for tenester som ikkje kan venta og dødsbod. Legg att beskjed om du kjem til telefonsvarar.



Bunkersen frå krigens dagar på Neshaugen i Blomvåg. Bak skimtar ein havet.

# Krigsminne i Blomvåg er restaurert

**Text:** Eiliv Lønningen **Foto:** Eiliv Lønningen/privat

Øygarden Sogelag har i dei siste fem år hatt ansvaret for å restaurera bunkeren på Neshaugen. Det var ein observasjonspost som tyskarane brukte for å varsle om innkommande allierte fly, og som kunne gå til åtak på flystasjonen på Herdla.

Neshaugen ligg ikkje så langt frå kyrkja i Blomvågen. Det blir fortalt at det ein gong kom inn eit alliert fly over staden. Vakta på Neshaugen blei så forfjamsa at han i staden for å treffa flyet, skaut hol i kyrkjeveggen.

Det er viktig å kunna visa dei kommande sluktene korleis ei okkupasjonsmakt kunne ta seg til rette i landet vårt. Slik som Bunkeren på Neshaugen er eit prov på.

Vi reknar med at anlegget blir opna for publikum i november/desember i år, og

at dette blir organisert via Kystmuseet i Ovågen.

Vi treng enno fleire utstillingsobjekt. Er det nokon som har spisebestikk frå krigstida? Vidare tallerkenar og koppar frå den tida. Gjerne og etterlatenskapar frå tyskarane. Det gjeld og andre gjenstandar som kan vera av interesse å stilla ut i bunkeren. Bilete frå krigstida hadde vore fint.

Sjå [www.oygardensogelag.no](http://www.oygardensogelag.no) der mykje av restaureringa er forklart. Har du noko å avsjå, så ta kontakt via [eiloe@bkkfber.no](mailto:eiloe@bkkfber.no) eller telefon 41 24 54 26.

Sogelaget har nærare 70 medlemmer. nskjer du å bli ein av dei, kan du senda ein e-post med navn, adresse og telefonnummer til [b.k.ostgulen@gmail.com](mailto:b.k.ostgulen@gmail.com)



Oversiktsbilete frå Blomvåg 1952

Neshaugen ligg oppe til venstre i biletet.

Biletet er i privat eige

Neste nummer kjem ut 11. desember. Frist for annonsar er 27. november.